



TYSVÆR KOMMUNE

Forvaltning

Dato: 10.12.2020

Vår arkivsakID: 20/3156

Deres referanse:

Saksbehandler: Evy Helland

Sigmund Almås
Almåsvegen 60

5410 SAGVÅG

Delegasjonssaknr. 655/20

Vedtak om dispensasjon - Rive eksisterende og bygge nytt tilbygg med bod, samt oppføring av nytt naust og kai - gnr. 1 bnr. 170 - Odlandsvegen 16

Tiltak: Rive eksisterende og bygge nytt tilbygg med bod, samt oppføring av nytt naust og kai
Byggjestad: Gbnr: 1/170 Odlandsvegen 16
Tiltakshavar: Sigmund Almås

Vedtak:

Forvaltningsleiar gjev avslag på søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet og pbl. § 1-8 til riving av anneks og tilbygg, samt nytt tilbygg som gjev fritidsbustaden eit areal på 90 m² BYA, samt avslag på dispensasjon for oppføring av naust og kai på gnr. 1 bnr. 170, Odlandsvegen 170.

Forvaltningsleiar gjev dispensasjon og byggjeløyve til riving av anneks og tilbygg, samt oppføring av nytt tilbygg på vilkår av at fritidsbustaden, utan terrassen, ikkje får eit samla areal på meir enn BYA (bebygd areal) 75 m².

Alternativt står tiltakshavar fritt til rive eksisterande bygningsmasse og bygge ny fritidsbustad så lenge samla bebygd areal på eigedomen ikkje vert meir enn BYA (bebygd areal) 75 m².

Følgjande vilkår ligg til grunn for vedtaket:

Før noko arbeid kan setjast i gong må det sendast inn nye teikningar som visar at tiltaket er i tråd med vedtaket.

Dersom tiltakshavar vel å rive og attreise fritidsbustaden og annekset må det sendast ny byggjesøknad.

Lovgrunnlaget

Plan- og bygningslova § 19-2.

Informasjon om saka

Tiltakshavar eig ein strandeigedom med hytte og anneks. Tiltaket gjeld riving av frittstående bod/anneks og tilbygg til fritidsbustad og oppføring av nytt tilbygg til fritidsbustad, som gjev fasadeendring. I tillegg er det søkt om naust med kai. Det omsøkte tiltaket ligg i LNF-område i gjeldande kommuneplan. Tiltaket ligg vidare i strandsona og krev dispensasjon frå byggjeforbudet i pbl. § 1-8.

I 1998 vart det oppført eit tilbygg til fritidsbustaden. I det same vart terrassen utvida. Saka gjekk som ein meldingssak, då tilbygget ikkje var søknadspliktig. På den tida var det BRA (bruksarealet) ein la til grunn. Terrassen var teikna inn på vedlagt teikning, men denne er ikkje kommentert. Grunnen til dette er sannsynlegvis at terrasse ikkje gjev bruksareal, som var det ein vurderte på den tida.

Eksisterende bebygd areal på egedomen er i dag:

Fritidsbustad – 50 m²

Terrasse til fritidsbustad – 25 m²

Anneks – 19 m²

Terrasse til anneks – 6 m²

Samla bebygd areal – 100 m²

Samla bebygd areal på fritidsbustad og anneks (utan terrassar) – 69 m²

Av dei 50 m² som fritidsbustaden er på skal eit tilbygg på omlag 8,5 m² rivast. I tillegg skal annekset på 19 m² rivast. Tiltakshavar har i søknad oppgjeve at nytt areal er 52 m². Fritidsbustaden vil difor verta 93,5 m² BYA.

I tilleggsopplysningar av 08.11.2020 har tiltakshavar opplyst at takutstikk utgjer eit areal på 9 m² i tillegg til 50 m² fritidsbustad. Her er det imidlertid slik at takutstikk berre skal reknast med for delar som stikk meir enn 1 meter ut frå veggjen. Desse 9 m² skal difor ikkje reknast med i BYA.

Nabovarsling

Det er gjennomført nabovarsling i samsvar med reglane i pbl. § 21-3. Det var merknadar frå nabo på gnr. 1. bnr. 37. Desse gjekk på naust, og dei skal ha kome til einigheit. Då naust og kai ikkje vert godkjent vert det uansett ikkje gått nærare inn på desse merknadane.

Vatn og kloakk

Utsleppsløyve er gjeve i delegasjonssak 178/20 av 23.04.2020.

Vurdering etter friluftsløva

Kultursjef mener en kan tillate riving av bod og del av hytte bygge ut hytte som søkt. Dette tiltaket vil ikke øke privatisering av strandsonen siden bebygd område nærmest fremstår som en justering av dagens bebyggelse. Når det gjelder bygging av naust og brygge vil kultursjef frarå dette. Søkt tiltak vil føra til auka privatisering av strandsona.

Det er allerede noen naust og brygger i nabolaget, men disse er så pass spredt at kultursjef vurderer det slik at en ikke kan definere dette som et naustmiljø.

Vurdering etter jordlova

Tiltakene er planlagt på areal registrert som bebygd i NIBIO sitt gårdskart (02.11.20) og vurderes å ikke ha noen innvirkning på landbruksinteressene i området.

Vurdering etter naturmangfoldlova

Kommunen skal vurdere søknaden etter prinsippene i §§ 8 til 12 i naturmangfoldloven, jf. § 7 i samme lov. Søk i Miljødirektoratet sin Naturbase og Artsdatabanken viser ingen registreringer i området. Sjøområde utenfor eiendommen inngår i et større område som er gyteområde for kysttorsk. Kravet til kunnskapsgrunnlaget ved vurdering skal stå i et rimelig forhold til saken sin karakter og risiko for skade på naturmangfoldet, jf. § 8. Det er ikke noe som skulle tilsi at det eksisterer arter i omsøkt område som ikke er registrert i de aktuelle databasene, og som vil bli vesentlig negativt påvirket av tiltaket og «Føre-var-prinsippet» i § 9 trenger derfor ikke bli tillagt stor vekt i denne saken. Kommunen må likevel vurdere den samlede belastningen på økosystemet, og hvorvidt tiltaket fører til presedensvirkning, jf. § 10. Ett enkelt tiltak har gjerne ikke de store konsekvensene isolert sett, men åpner en først opp for dispensasjoner vil de samlede konsekvensene være større. Strandsonen har et strengt vern for å hindre nedbygging og privatisering. Dette gjelder særlig for søknaden om etablering av nytt naust og kai. En minner om §§ 11 og 12 i nml; "Tiltakshaveren skal dekke kostnadene ved å hindre eller begrense skade på naturmangfoldet som tiltaket volder, dersom dette ikke er urimelig ut fra tiltakets og skadens karakter" og "For å unngå eller begrense skader på naturmangfoldet skal det tas utgangspunkt i slike driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som, ut fra en samlet vurdering av tidligere, nåværende og fremtidig bruk av mangfoldet og økonomiske forhold, gir de beste samfunnsmessige resultater".

Fylkesmannen i Rogaland si vurdering

Fritidsbustad

Kommuneplanen opnar for fritidsbustader opp til 90 m². Desse føresegna gjeld for område som er avsett som byggeområde i arealplanen. Dei er ikkje gjeldande for område som ikkje er avsett til byggeområde, slik som

landbruks-, natur og friluftsområde (LNF). Omsøkt tiltak er innanfor eit område med dobbelt byggjeforbod (100-metersbeltet langs sjø og LNF), og føresegna om 90 m² gjeld eventuelt berre som retningslinje i dette tilfellet. Det er dermed ikkje sjølv sagt at ein skal kunne bygge fritidsbustad på opp til 90 m² i dette området. Som kommunen skildrar i si vurdering har dei hatt som vanleg praksis å opne for ei løysning på 75 m² i slike saker. Me meiner dette er ei hensiktsmessig vurdering for eit område der ein skal vere restriktive med omsyn til tiltak som kjem i konflikt med natur, landskap og ålmente verdiar. Søknaden om dispensasjon for bygningar på opptil 90 kvadratmeter, slik at den eksisterande terrassen mellom anna blir erstatta med tilbygg til hytta, vil auke det bygde preget i den nære strandsona i forhold til dagens situasjon. Ei slik tilnærming der eksisterande bygd areal automatisk kan erstattast med nybygg innafor same BYA, kan også føre til uheldig presedens. Fylkesmannen vil derfor **rå frå** søknaden slik den no ligg føre.

Etter at kommunen gjorde si vurdering om å opne for 75 m², vart det avklart at eksisterande terrasse på 20 m² skal reknast med i det totale bygde arealet (BYA). Totalt areal blir dermed 86 m². Kommunen vurderer dermed å gi dispensasjon til at også nytt totalt areal vart 86 m², etter rivning av eksisterande anneks, terrasse og tilbygg, og oppføring av nytt tilbygg. Trass i at ein terrasse vart rekna med i totalt BYA, kan ein ikkje erstatte denne med eit nytt tilbygg som ikkje er terrasse, jf. vår vurdering ovafor. Me meiner difor at kommunen bør halde på si opphøvelege vurdering: «*kommunen kan vera positive til riving av anneks, tilbygg og terrasse og oppføring av nytt tilbygg, eller riving av heile bygningsmassen og attreising av ny fritidsbustad opptil 75 m² BYA*»

Naust med bryggje

Fylkesmannen er einig med kommunen si vurdering om å ikkje gi dispensasjon til nyetablering av naust og bryggje. Vi vil derfor **rå frå** den delen av søknaden.

Vurdering etter plan- og bygningslova

Etter pbl § 19-2(2) skal ein ikkje gje dispensasjon «*dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres frå, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir vesentlig tilsidesatt. I tillegg må fordelene ved å gi dispensasjon være klart større enn ulempene etter en samlet vurdering.*» Vilkåra er kumulative, slik at forvaltninga berre har rettsleg tilgang til å gje dispensasjon om begge vilkåra i regelen er oppfylt.

Riving av anneks og tilbygg, samt oppføring av nytt tilbygg:

Vurdering av vilkåret i § 19-2(2) fyrste setning:

Eigedomen ligg i eit område som er sett av til LNF- føremål i kommuneplanen, og som då inneber at området skal nyttas til landbruk, natur- og friluftsføremål, som eit klårt utgangspunkt. Alle tiltak på eigedomen som ikkje er i samsvar med landbruk, natur og friluftsføremålet, er eit unntak som krev særskilt grunngjeving. Eigedomen ligg og i strandsona, kor det er eit forbod mot tiltak. Ei viss tilsidesetting av føremålet er det høve til, tilsidesettinga må vera vesentleg.

Det må leggjast vekt på at det i dag er oppført ein fritidsbustad på eigedomen som ikkje er i tråd med LNF- føremålet, og som allereie står oppført i strandsona. Om ein vurderer eigedomen i seg sjølv, vil ein sjå at tidlegare tiltak allereie har gjort at LNF- føremålet og omsyna til pbl. § 1-8 på den aktuelle eigedomen i stor grad er tilsidesett. Riving og attreising av anneks og tilbygg i eit område kor det allereie er gjort ei rekkje ulike byggjetiltak, vil i utgangspunktet ikkje føre til ei ytterligare og vesentleg tilsidesetting av omsyna bak kommuneplanen og pbl. § 1-8. Om omsyna bak strandsona og LNF- føremålet skal verta vesentleg tilsidesett, vil det vanlegvis skje ved fyrstegongs etablering av tiltak, som då gjer at tilsidesettinga gjerne vert mindre ved seinare tiltak, som i denne saka. Riving og attreising, som er naudsynt for brukarvennlighet har kommunen tidlegare vore positive til.

I høve til storleik så har kommunen har hatt praksis for å stille seg positive til riving og gjenoppføring av fritidsbustadar, i same storleik og utforming eller med mindre utvidingar. Her er det imidlertid tale om ei vesentleg utviding av areal. I kommuneplanføresegna for fritidsbustadar er det høve til å byggje 90 m², men for fritidsbustadar i LNF- område i strandsona, er det ikkje føresegner og difor ikkje sett ei arealgrense, på grunn av at dette skal vere ei sone fri for tiltak. Det er likevel mange eldre fritidsbustadar i strandsona i LNF- områda i kommunen, og tidlegare har ein då nytta seg av arealgrensene som går fram av kommuneplanføresegna som gjeld for fritidsbustadar i strandsona i områder kor fritidsbustad er tillate. Tidlegare var denne grensa 75 m² BRA, men kommuneplanføresegna vart endra 25.09.2018, og grensa blei sett til 90 m² BYA. Leiar forvaltning meiner likevel at i strandsona i områder der hytter ikkje er tillate, ikkje kan vere så stor som 90 m² der tiltaket er mindre enn dette i utgangspunktet. Når det er differensiert på tiltak

i og utanfor strandsone i kommuneplanen, så kan ein ikkje tillate same storleik som for hytter som er lovlege. Det er sjølv sagt ein grunn til at ein har sett ei grense for bruksareal i strandsona, og ein ynskjer ikkje store og dominerande fritidsbustadar i eit område som i utgangspunktet skal vere fritt for tiltak. Kommunen har difor hatt ein praksis på at ein får byggja opptil 75 m², eller like stort som opprinneleg der hytta er større enn 75 m².

Leiar forvaltning finn at eit utviding til 90 m² vil setja føremålet med pbl. § 1-8 og kommuneplanen vesentleg til side. Ein kan likevel vera positiv til ei viss utviding. Ei grense på 75 m² er då rimeleg i høve den seinare praksisen i kommunen. I utgangspunktet skal då terrasse reknast med. Om ein gjer det i dette tilfellet vil ein ende opp med eit mindre areal enn eksisterande. Dette kan synast urimeleg. Leiar forvaltning meiner det vil vera fornuftig om ein ser vekk frå terrassen og godkjenner eit maksimalt bebygd areal på sjølv fritidsbustaden på 75 m². Ein vil då få eit auke i areal på 6 m², då fritidsbustad og anneks i dag er 69 m².

Om tiltakshavar derimot skulle ha ynskje om å riva den totale bygningsmassen vil ein likevel ikkje kunne godkjenne ny fritidsbustad med tilsvarande stor terrasse, evt. legge til grunn eit areal på 94 m² for ny fritidsbustad (arealet på anneks+hytte+terrasse til hytte). Grunngevsnaden for dette er at ein bygningskropp på 94 m² vil vera mykje meir dominerande enn ein bygningskropp på 75 m² + terrasse. Terrasse er eit tiltak som er lågare enn ein fritidsbustad i seg sjølv. Ein må leggje vekt på estetikk, ikkje berre storleik i strandsona. Terrassen til tiltakshavar er stor og dominerande. Men likevel ikkje like dominerande som eitt tilbygg på tilsvarande areal ville vore. Ein terrasse vil som hovudregel vera mindre ruvande enn eit tilbygg. Det er det som er grunnen til at ein som utgangspunkt ikkje reknar med terrassen sitt bebygde areal når ein skal vurdere storleiken ein kan tillate i ved riving og attreising. Det må vera sjølv bygningskroppen som vurderast.

Terrasse til annekset ser ein inga god grunn til å rekna med, den er knapt synleg på tomta, og 6 m² med hytte i staden for terrasse kan ein her ikkje forventa. Ein må leggja vekt på heilskapen i eit tiltak i strandsona der det er byggjeforbod, det er ikkje automatikk i at ein skal få attreisa det bebygde arealet ein har, ein må sjå kva det bebygde arealet består av.

Det må leggjast vekt på at naboeigedomen, gnr. 1 bnr. 30 i 2019 (delegasjonssak 2016/19) fekk avslag på å byggje tilbygg til sin fritidsbustad då samla areal på hytte og anneks i den saka ville verta 98 m². Opprinneleg er denne fritidsbustaden og anneks 75 m² til saman. Desse eigedomane er relativt like, og det vil vera urimeleg om ein skulle gje løyve i denne saka, når ein ikkje gav det på naboeigedomen.

Leiar forvaltning finn difor at riving av tilbygg og anneks, samt attreising av tilbygg som vil gje fritidsbustaden ein storleik på 90 m² BYA (terrasse ikkje medrekna) vil setja omsynet til pbl. § 1-8 og føremålet i kommuneplanen vesentleg til side. Leiar forvaltning finn likevel å vera positiv til tiltaket om det vert redusert.

Vurdering av vilkåret i § 19-2(2) andre setning:

Vidare skal ein då vekte fordelar mot ulemper for å gje dispensasjon i saka. I høve til allmenta sitt perspektiv er det klart at oppføring av tiltak i strandsona som vil verke privatiserande er negativt, då alle er tiltak i ei verneverdig sone. Ei stor utviding til 90 m² BYA vil gjera området meir privatisert og få ei uheldig presedensverknad for like eigedomar. Kommunen ynskjer ikkje å leggje seg på ein praksis der opprinneleg små fritidsbustadar i LNF-område i strandsona vert større enn 75 m² BYA.

Dersom ein legg til grunn ein storleik på fritidsbustad, utanom eksisterande terrasse på 75 m² er det i denne saka heilt grunnleggjande å leggje vekt på at utvidinga vert lita og at tiltaket vil vera innanfor det som er sedvane i kommunen. Eldre bygningar vert vidare utdaterte i høve til dagens krav, og då er det ein fordel for samfunnet at desse vert haldt ved like eller riven og bygd på nytt i staden for å stå unytta.

Presedensverknaden ved å tillate riving og attreising av anneks/tilbygg til eit areal på 75 m² BYA reknar ikkje leiar forvaltning som stor, då kommunen uansett har praksis for å godkjenne liknande tiltak med denne storleiken. Leiar forvaltning finn difor at fordelene ved å gje dispensasjon er klart større enn ulempene dersom tiltaket vert redusert.

Naust og kai:

Vurdering av vilkåret i § 19-2(2) fyrste setning:

Det første spørsmålet er om omsynet bak LNF-føremålet og 100-metersregelen vert vesentleg sett til side ved å gje dispensasjon til oppføring av naust og kai. Tysvær har føresegnar som opnar for fortetting og utviding av eksisterande naustområde. Men dette gjeld der kor naust er tillatt etter kommuneplanen, ikkje for LNF-

område der det står eksisterande naust. Denne føresegna har i nokre tilfelle vorte brukt som argument for å gje dispensasjon til naust i LNF-område, men då i spesifikke tilfelle der ein har tillatt naust som kjem midt inni ei tett naustrekkje. Her er ikkje ei naustrekkje. Naboeigedomen gnr. 1 bnr. 30 fekk løyve til å rive naust/sjøbod for å byggje større i 2019, men Tysvær kommune har hatt svært streng praksis når det kjem til heilt nye naust i strandsona i LNF-område, der omsynet til vern for nedbygging av strandsona utan særskilt plan står sterkt.

Gjeldande kommuneplanføresegner vart vedteken i 2018, men det er ingen endringar i området her. Enkelttiltak langs strandsona vil ha negativ effekt, sjølv om det er i eit område med liknande tiltak. Det er i kommuneplanen teke konkret stilling til kor det skal vera naustområde, og på den måten slege fast kor det ikkje skal vera høve til å byggje naust og bryggje. At det er eit naustområde i nærleiken ser ikkje leiar forvaltning som eit argument for å gje dispensasjon i dette høvet. Nettopp difor bør ein ikkje gje løyve til spreidde naust i LNF-områda, det er allereie sett av områder spesifikt til naust. Det er viktig at kommunen unngår bit-for-bit nedbygging av strandsona og LNF-område gjennom dispensasjonar og at det doble forbodet som LNF-føremålet og 100-metersbeltet utgjør, vert handheva strengt for tiltak som ikkje er naudsynte for gjennomføring av godkjent arealbruk. Tysvær kommune har jamnt over hatt ein strengare praksis for å gje dispensasjonar i strandsona dei siste åra, nye tiltak på ubebygd grunn, her område for LNF og strandsona, er heilt klart ikkje kurant å få løyve til. Strandsonevernet skal særleg beskytta mot privatisering av strandsona.

Strandsona her er bratt og uframkommeleg, men det er ikkje berre det fysiske stengselet som er relevant, men og den følelsen ein nedbygd strandsona gjev av privatisering. Både frå land- og sjøveg. Sjølv om det frå før er gjerder som hindrar framkomelegheit i området, kan ikkje det leggjast vekt på. Eit naust og ein kai er eit stort inngripande tiltak som er vanskeleg å reversera. Det er ikkje gjerder for beitedyr, som kan fjernast den dagen det ikkje er behov for dei lenger. Gjerde for beitedyr er samstundes i tråd med LNF-føremålet og naudsynt for gardsdrift.

Estetikken må og leggjast vekt på. Det er klart at til fleire tiltak, til større vert inntrykket av ei nedbygd strandsona. Om ein i tillegg til det som står der gjev løyve til naust og kai på staden, vil verknaden for ålmenta si tilgjenge, samt estetikken i området verta stor. Dette strid, etter leiar forvaltning si oppfatning, klart mot omsynet til å bevare strandsona. Vidare må ein vurdere faren for presedens, og den gjer seg absolutt gjeldande då denne saka ikkje skil seg ut som spesiell.

Ytterligere naust bør då vurderast som del av kommuneplanen, eller i ein reguleringsplan. Det er uheldig om kommunen, gjennom dispensasjon, i strid med kommunen sin arealplan, samt nasjonale føringar for forvaltning i strandsona, gjev løyve til naust og bryggje i 100- meters beltet, der det ikkje er opna for det. Om ein godkjenner nytt naust og kai her, vil 100-meters regelen og kommuneplanen tape sin funksjon.

Leiar forvaltning finn, på bakgrunn av dette at å oppføre naust og kai vil representera ei vesentleg tilsidesetting av omsyna bak kommuneplanen og pbl. § 1-8.

Vurdering av vilkåret i § 19-2(2) andre setning:

Då ein har kome til at føremålet vert vesentleg sett til side, treng ein ikkje vekte fordelar mot ulemper for å gje dispensasjon i saka. Begge vilkår må nemleg vera oppfylt for å kunne gje dispensasjon.

Ein vel likevel å gjera det av omsyn til opplysing av saka. Det er fordelar for samfunnet som skal vurderast, ikkje fordelar for tiltakshavar. Ein fordel for samfunnet kan for eksempel vera ein felles badeplass, gapahuk eller liknande, riving og attreising av gamal fritidsbustad og naust, eller bustad på stadar kommunen ynskjer å fortetta. At tiltaket er ein fordel for tiltakshavar er klart, det er likevel ikkje det ein skal leggja vekt på etter lova. Eit privat naust og kai inneber, slik leiar forvaltning ser det, ikkje ein fordel for kommunen. I høve til allmenta sitt perspektiv er det klart at oppføring av tiltak i strandsona, som vil verke privatiserande er negativt, då alle er tiltak i ei verneverdig sone. Presedensverknaden kan og verta stor. Det fins svært mange liknande eigedomar i Tysvær kommune, om alle skulle få dispensasjon ville konsekvensane verta store. Leiar forvaltning finn difor at vilkåret om at fordelene ved å gje dispensasjon skal vera klart større enn ulempene ikkje er oppfylt.

Samla vurdering

Med bakgrunn i utgreiinga over har forvaltningsleiar kome fram til at det ikkje kan gjevast løyve til riving av anneks og tilbygg, oppføring av nytt tilbygg, naust og kai som omsøkt.

Forvaltningsleiar er imidlertid positiv til å gje dispensasjon og byggjeløyve til riving av anneks og tilbygg, samt nytt tilbygg dersom samla areal på fritidsbustaden ikkje vert meir enn 75 m² BYA. Nye teikningar må i så tilfelle sendast kommunen før noko arbeid kan setjast i gong.

Gebyr for handsaming av dispensasjonssøknad fell bort då fristen for sakshandsaming på 12 veker er overskriden.

Det er Forvaltning som har behandla saka, jf. kommunelova §23.4.
Det er eit administrativt vedtak, fatta etter gjeldande delegasjonsreglement.

Med helsing

Bjørg Tone Vikshåland
Leiar Forvaltning

Evy Helland
Rådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Kopi til

Fylkesmannen i Rogaland	Postboks 59 Sentrum	4001	STAVANGER
Rogaland Fylkeskommune	Postboks 130 Sentrum	4001	Stavanger

Vedlegg

Uttale - Søknad om dispensasjon - Rive eksisterende og bygge nytt tilbygg og oppføre nytt naust -
Gnr 1 bnr 170 - Odlandsvegen 16

Tilleggsopplysninger vedrørende søknad sendt til uttalelse Gbnr 1/170 Odlandsvegen 16 (ArkivsakID
20/3156)

Søknad dispensasjon

Melding om tilbygg frå tiltakshavar 1998

Melding om tilbygg frå Tysvær kommune 1998

Teikning tilbygg 1998

Klagerett

Søknaden din er avgjort etter fullmakt, og du kan klaga på Tysvær kommune sitt vedtak. Klage må vera send innan tre veker etter at du fekk dette brevet.

Eventuell klage sender du på e-post eller brev til kommunen.

Klagerett	Du har rett til å klaga på vedtaket (forvaltningslova §27 3. ledd).
Klageinstans	I dei fleste sakene er det Fylkesmannen som er klageinstans. I nokre saker er det formannskapet eller kommunestyret i Tysvær som er klageinstans.
Kven kan du klaga til?	Klagen sender du til Tysvær kommune. Dersom vedtaket vårt ikkje vert endra som følge av klagen, sender me klagen til klageinstansen for endeleg avgjerd.
Klagefrist	Klagefristen er tre veker frå den dagen du fekk dette brevet. Det er nok at klagen er postlagd før fristen går ut. Dersom du klagar så seint at det kan vera uklart for oss om du har klaga i rett tid, bør du opplysa om datoen for når du fekk brevet. <i>Dersom du klagar for seint, kan me sjå bort frå klagen.</i> Du kan søkja om å få lengre klagefrist. Dette må då grunngjevast.
Innhald i klagen	Du må opplysa om kva for eit vedtak du klagar på, grunn til at du klagar, dei endringane du ynskjer, og eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seia for vår vurdering av klagen. Klagen må vera underskriven.
Utsetting av gjennomføringa av vedtaket	Sjølv om du har klagerett, td. på eit løyve, kan dette vanlegvis setjast i verk med det same. Du kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klagen er avgjort.
Rett til å sjå dokumenta og til å krevja rettleiing	Med visse unntak har du rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i §§18 og 19 i forvaltningslova. Ta i tilfelle kontakt med oss, så vil me gje nærare rettleiing om retten til å klaga, om framgangsmåten og om saksgongen elles.
Kostnadane med klagesaka	Det er høve til å krevja dekking for ekstra kostnader i samband med klagesaka, til dømes til advokathjelp. Dersom vedtaket vert endra til din fordel, kan du ha krav på å få dekt større kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Dersom det trengs, vil klageinstansen orientera deg om retten til å krevja slik dekking av sakskostnader. Eventuelt krav om dekking av sakskostnader må vera fremja innan tre veker etter at det nye vedtaket vart gjort kjent for deg.
Klage til sivilombodsmannen	Dersom du meiner du har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan du klaga til Sivilombodsmannen. Sivilombodsmannen kan ikkje endra vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har behandla saka, og om det er gjort feil eller noko er forsømt. Dette gjeld ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Då kan du ikkje seinare få saka di inn for Sivilombodsmannen.